

# ARBEIDSPLAN FOR 2023

Hausten 2022 viste at me har komne oss gjennom pandemien for fullt, og me har fått eit stort tilfang av nye medlemmar. Me har òg greidd å bygge opp ein relativt stor kjerne av medlemmar som kjem fast. Hovudmålet for 2023 blir å styrke og utvide denne kjernegruppa, og på den måten bygge eit sterkt grunnlag for framtidig rekruttering.

Heilt konkret ser styret for seg følgjande planar for året:

## Dansegruppene

### Leikarringen:

Aktivitetsnivået i Leikarringen auka sterkt på hausten 2022, og me håpar å vidareføre det nivået i året som kjem.

Leikarringen skal jobbe med *alle* danseformane innan norsk folkedans, og vil ta nye grep for å få meir songdans og turdans inn på repetoaret i Leikarringen.

### Ungdomsgruppene:

TrøBUL og BULder og Brak fekk ikkje det same løftet som Leikarringen i året som gjekk, og særleg TrøBUL er på eit kritisk punkt når det gjeld deltakarar. Å auke talet dansarar i ungdomsgruppene våre kjem til å vere eit viktig mål i 2023. Ein felles søknad med Barnelaget i Oslo om Dextra-midlar til eit rekrutteringsprosjekt i Oslo er i kjømda, og utfallet av denne søknaden vil legge grunnen for vidare arbeid i gruppene.

### Songdansgruppa:

Dei vanlege øvingane i songdansgruppa held fram, men kring éin gong i månaden ønskjer me å invitere til songdans i Teatersalen med gode og stødige skiparar. Vona er at fleire «sovande» medlemmar skal ta turen til Teatersalen i løpet av året. Mål om å vise fram Falkvor Lommansson på Bygdøsystemet og i Middelalderparken.

### Søndansen:

Søndansen held fram som før i lagsrommet med Folke Flateland som rettleiar.

### Myretrill:

Nytt av året er ei hallinggruppe for nybegynnarar, og utan rettleiar. Myretrill øver på onsdagar, og alle som føler seg som nybegynnarar i halling er hjarteleg velkomne. Gruppa skal sjå på moglegheita for å få inn gjesteinstruktørar ved ulike høve.

### Barneleikarring på Stovner:

Hausten 2022 tok medlemmar i Leikarringen initiativ til å starte opp ein barneleikarring på Stovner, men pga. manglande lokale har dette latt vente på seg. Me håpar å få satt i gang denne aktiviteten så fort kommunen er ferdig med å pusse opp lokala.

## **Turgruppa**

Turgruppa var først og fremst eit pandemi-tiltak og vil ikkje bli formelt vidareført. Det blir i stadenfor lagt opp til lågterskel kontakt mellom medlemmar gjennom Facebook-gruppa vår, der dei som ønskjer å dra på tur kan finne turkameratar på ein enkel måte.

## **Sommarleiren til Noregs Ungdomslag**

Årets sommarleir i Noregs Ungdomslag blir arrangert 27. juni til 2. juli på Trøndertun FHS. Leikarringen betalar reise og deltaking for dei i målgruppa som ønskjer å reise.

## **BARNLEK 2023 i Lerum**

12.-15. juli er det BARNLEK i Lerum utanfor Gøteborg. BARNLEK er eit folkemusikk- og folkedansstemne for barn og ungdom i alderen 8-16 år. Sjølv om me ikkje har veldig mange medlemmar i denne aldersgruppa nett no ønskjer me å oppmode dei i målgruppa til å delta. BARNLEK blir skipa til kvart tredje år, og går på rundgang mellom dei nordiske landa. Leikarringen betalar reise og deltaking for dei i målgruppa som ønskjer å reise.

## **Opplæring**

Gode danseøvingar krever gode instruktørar. Styret ønskjer å bruke 2023 til å bygge opp instruktørane våre i ringen, og vil særleg prioritere noverande og framtidige instruktørar i barne- og ungdomsgruppene. Leikarringen betalar reise og deltaking på instruktørkurs i Noregs Ungdomslag.

Styret fekk i 2022 fleire nye medlemmar med varierende organisasjonsbakgrunn, og ved årsmøtet i 2023 kjem det fleire nye inn. For å legge eit godt grunnlag for styreåret 2023-2024 ønskjer me å gjennomføre eit mini-seminar med fokus på organisasjonsopplæring. Midlar til dette blir tatt frå rådeveldet.

## **Dansefestar**

I vårsemesteret er Leikarringen teknisk ansvarleg for dansefest 14. mars i høve 100årsjubileet til BLS. Lønningspols-konseptet har fungert bra over tid, og skal bli vidareført hausten 2023.

## **Fordjupingskurs i folkedans**

Styret ønskjer å skipe til eitt eller to fordjupingskurs i folkedans i løpet av året. Desse skal bli lagt opp som helgekurs i Teatersalen, og vil vere opne for både medlemmar og andre interesserte. Styret ønskjer innspel frå medlemmane på kva tema for desse kursa bør vere.

## **Turar og reiser**

Å reise på turar og reiser er viktig for å skape samhald og eit godt miljø i ringen. Det blir satt ned nemnder til å arrangere dei ulike turane, anten det er til Bondehytta eller Røros. I januar

arrangerar styret tur til Vågå i høve Folkemusikktreffan der. Styret ønskjer innspel frå medlemmane på kva type turar me bør prioritere å få til.

## **17. mai – Nasjonaldagen**

Nasjonaldagen er ein merkedag, ikkje berre for nasjonen, men òg for aktiviteten i Leikarringen. I år, som før, vil me danse op Karl Johans gate, og vil hjelpe hovudlaget der me trengs for å arrangere Brustainsball. Me ønskjer òg å få til ei framsyning på Ensjøtunet.

## **Tevlingsdeltaking**

Å delta på tevling er ein viktig brikke i arbeidet med å byggje ringen og miljøet som er aktivt. Det er dessutan eit sentralt ustillingsvindaug for resten av folkedans-Noreg, og slik ein arena vi ønskjer å delta på. Som tidlegare år ønskjer me å delta på Landskappleiken (i Lom) og Oslokappleiken, og vert sett opp som naturleg lågterskelmål for dei som deltar jamnleg på tysdagsøvingane.

## **Kunnskapstevlinga Kven Veit?**

Kunnskapstevlinga i regi av NU sentralt har blitt fast inventar i vårterminen. Utan resultatår å skryte av dei siste åra siktar vi på nytt mot toppen av kunnskapstabellen og voner at vi i år får full pott gjennom tre runder. I år er tevlingsdagen flytta frå tysdag til onsdag, og er lagt til dei same onsdagane det er Folkemusikkpøbb på Kaffistova.

Årets tevlingsdatoer i regi av hovudlaget er:

- Onsdag 25. januar
- Onsdag 1. mars
- Onsdag 29. mars

## **Danseoppdrag**

Leikarringen blei eigentleg skipa som ein framsyningsring for litt over 100 år sidan, og me har lange tradisjonar for å ta på oss ulike typar danseoppdrag i inn- og utland. Dette har både vore ei viktig inntektskjelde for ringen, men òg ei inspirasjonskjelde for dansarane. Det siste året har me diverre måtte sei nei til mange oppdrag, mest på grunn av manglande administrativ kapasitet i styret. Styret trur me har mange nok gode dansarar i Leikarringen til å ta på oss fleire oppdrag, men me må finne ei løysing for korleis dei skal bli administrert. Styret ønskjer innspel frå medlemmane både på ulike løysingar, men òg på kva grad me skal prioritere å ta på oss oppdrag.

## **Blestarbeid**

Leikarringen har i mange år hatt eit fokus på god marknadsføring, men me kan framleis bli betre. Faste månadlege nyhendebrev til medlemmane skal me halde fram med, og alle øvingane i Leikarringen skal ha eigne Facebook-hendingar med tilhøyrande grafikkar. I tillegg ønskjer styret å bli betre på målgrupperetta annonsering i sosiale media for å auke merksemda om

aktivitetane våre, og for å nå ut til potensielle nye medlemmar. Det er òg eit ønskje om å få laga ei stutt profilhandbok for Leikarringen med tips og malar til framtidig bruk.

## **Økonomi**

I samarbeid med Hovudlaget kjem Leikarringen til å gå over til å vere ein sjølvstendig økonomisk eining under BUL Oslo. Ved at me då kan føre eigen balanse får me større kontroll over kva utgifter som blir ført på kva koststad. Målet er å forenkle arbeidet med rekneskapen, og vere trygg på at den blir ferdig i tide til årsmøtet. Styret skal jobbe vidare med å disponere midlane til Ringen og fordele dei på ei meir hensiktsmessig måte på dei høgrentekontoane me har.